

Høyringsuttale frå Hordaland Sau og Geit, revisjon av lagslovene i NSG.

Grunnlaget for uttalen er høyringsuttaler frå 9 lokallag, handsaming i styremøte 9. februar og handsaming i årsmøtet 21. februar.

Raud skrift er utvalet sitt forslag til endringar.

Grøn skrift er HSG sine innspel.

Med venleg helsing
for styret i HSG
Nils Inge Hitland
leiar

KAP. I OVERORDNA MÅL

§ 1 Formål

Norsk Sau og Geit er ein open interesseorganisasjon for sauehaldarar, geitehaldarar og haldarar av gjetarhund. OK

Norsk Sau og Geit skal arbeide for å fremje eit rasjonelt og lønsamt sau- og geitehald, tryggje beiteretten og stimulere til samarbeid i produksjon og omsetnad. Vidare skal det arbeidast for å auka bruk av norske småfeprodukt og fremje småfehaldet i samsvar med god dyrevelferd, naturvilkår og marknadstilhøve.

Norsk Sau og Geit driv ikkje med erverv som formål. OK

§ 2 Organisasjonsform

Medlemene i Norsk Sau og Geit vert organisert i lokale lag av NSG. Dei lokale laga i eit fylke skal slutte seg saman til eit fylkeslag.

Fylkeslag og lokale lag er arbeidsorgan for NSG og skal arbeide i samsvar med lover og vedtak fatta i samsvar med dette.

All aktivitet i regi av NSG skal organiserast av NSGs lokal- eller fylkeslag, NSG sentralt eller den/dei som lagsapparatet til NSG gjev i oppdrag å gjennomføre arrangement. OK

§ 3 Medlemskap

Alle medlemskap i NSG er direkte og personleg. Enkelpersonar kan stå som direkte medlemmer i NSG.

Medlemskap er delt i 3 kategoriar:

- Hovudmedlem*
- Støttemedlem*
- Støttemedlem med blad*

Forslag: Hovudmedlem, støttemedlem og støttemedlem med blad

Deltaking i aktivitet i regi av NSG krev medlemskap, dersom ikkje anna er bestemt. Aktivitet knytt til hald av sau og/eller geit og/eller gjetarhund krev at ein er hovudmedlem.

Forslag: Aktivitet av familiemedlemmer der det er hovudmedlemskap må vara ok. Spesielt for barn og ungdom som til døme er aktive i gjetarhundarbeidet

§ 4 Plikter

Gjennom medlemskap i NSG må alle følgje vedtak som organisasjonen gjer i samsvar med lovene. Medlemmer skal ta imot val og oppgåver gjort i landsmøtet, og årsmøtet i fylkes- og lokallag og arbeide for formålet i §1. Det kan nektast attval for like lang periode som ein har fungert i tilsvarande eller andre verv.

§ 5 Valdgift

I tilfelle tvist mellom NSG og medlem/medlemer om forståing av desse lovene eller vedtak i organisasjonen, kan tvisten løysast ved valdgift. Høgsterettsjustitiarius oppnemner valdgiftsretten sin leiar og dei to interessegruppene kvar sin medlem. Krav om valdgift må reisast innan 3 månader etter ein er gjort kjend med vedtak.

§ 6 Medlemskontingent

Landsmøtet, vekselvis representantskapsmøtet i mars i år det ikkje er landsmøte, fastset kontingent for komande år.

HSG vil ha differensiert kontingent for hovudmedlemmer. Ein sats opp til 25 v.f.sau og ein over. Viktig for å halda på dei små bruka. Snittbuskap i Hordaland er 55 v.f. sau.

Alle som har dyr(sau og/eller geit og/eller gjetarhund) skal vere hovudmedlem.

Hovudmedlemskap inkluderer medlemsblad.

Styret i NSG utformer særskilde reglar for medlemskap for andre organisasjonsformer enn enkeltpersonføretak. Ved endring av § 3 må og §6 endrast Forslag: Aktivitet av familiemedlemmer der det er hovudmedlemskap må vara ok. Spesielt for barn og ungdom som til døme er aktive i gjetarhundarbeidet

NSG må og vurdera kontingent i ulike driftsformer. (Samdrift, BA, AS)

Styret gir nærare reglar for innkrevjing av kontingent.

Landsmøtet/representantskapsmøtet gjer vedtak om fordeling av kontingent mellom sentralleddet, fylkes- og lokallaga.

Fylke som vedtek innkrevjing av tilskot frå medlemmene til eige fylkeslag kan gjere det, men ikkje kalle det for kontingent.

§ 7 Reaksjonar frå NSG overfor eit medlem

Medlem som bryt lovene til organisasjonen, handlar illojalt eller på anna vis sviktar eller opptrer i strid med formålet for NSG, lover eller vedtak, kan av styret i NSG utelukkast som medlem.

Styret kan i mindre graverande tilfelle vedta andre reaksjonar. Medlemeren kan anke styret si avgjerd inn for representantskapet. Ankefrist er 3 månader etter at medlemmen er gjort kjend med vedtaket. Den som har anka ei sak inn for representantskapet har krav på å få gjere greie for saka si i representantskapet før dette treffer si avgjerd. 4

. II STYRANDE ORGAN

§ 8 Landsmøte

Landsmøtet er øvste styrande organ i NSG og skal ordinært avviklast 2. kvart år innan 25. mars (årsmøte i fylkeslag skal avviklast kvart år innan 1. mars).

HSG meiner det bør vara landsmøte kvart år. For å redusere utgifter til landsmøte kan ein sløyfe rep. møte i forkant av landsmøtet.

HSG meiner og at ein kan redusere antall utsendingar til landsmøtet.

Stemmegjeving kan gjerast med vekting i medlemstalet i fylkeslaget, i høve til totalt antal medlemmer i NSG.

Dermed kan alle styremedlemmer til styret i NSG veljast for 2 år og leiar 1. år

Landsmøtet vert innkalla og leia av ordføraren. Ordinært landsmøte skal kunngjerast med 3 månader varsel i medlemsbladet og skriftleg til medlemmene i representantskap, valnemnd og kontrollnemnd.

Ordføraren skal minst 6 veker før ordinært landsmøte sende innkalling og sakliste til representantskapet og til dei som har rett til å sende utsendingar til møtet.

Rett til å reise saker for landsmøtet har styret i NSG, representantskapet og fylkeslaga. Saker frå lokallaga må ha tilråding gjennom fylkeslag.

Saker som skal handsamast av landsmøtet må vere kome styret i hende innan 8 veker før landsmøtet.

Sakspapira må vere utsendingane i hende 2 veker før landsmøtet.

Fylkeslaga skal velje ein utsending for kvar påbyrja 300 medlemmer. Kwart fylkeslag skal likevel ha minst 2 utsendingar. Det skal veljast varamedlemer i nummerrekkefølge for utsendingane.

Landsmøtet er samansett av:

- Styret.
- Representantskapet og *valde* utsendingar frå fylkeslag.

Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til landsmøtet i NSG. OK

Tilsette i NSG kan møte med talerett. Medlemer kan møte dersom det er ope møte. Leiar i faste utval skal kallast inn til landsmøte og kan møte med talerett. Samarbeidspartar som NSG har kan inviterast til landsmøta med observatørstatus med tale- og forslagsrett, utan stemmerett.

Om landsmøtet:

- a) Det skal førast protokoll frå landsmøtet som skal sendast møtedeltakarane.
- b) Landsmøtet avgjer om møtet, eller deler av møtet, skal vere ope eller lukka.
- c) Avstemming. Landsmøtet treffer sine avgjerder ved fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har ordføraren dobbeltstemme. Dette gjeld ikkje ved val. Om ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Vert stemmetalet likt i tredje valomgang, skal valet avgjerast ved loddtrekking. Val av styremedlemer og ordførar skal vere skriftleg. Andre val skal vere skriftleg om nokon krev det. Alle val på landsmøtet gjeld – om ikkje anna er fastsett – frå landsmøtet sluttar. 5
- d) Reise- og opphaldsutgifter vert betalt av NSG etter nærare retningslinjer.

Landsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden.
2. Velje to utsendingar til å skrive under protokollen saman med ordføraren.
3. Handsame årsmelding. Styret har ikkje stemmerett i denne saka.
4. Handsame rekneskap og revisormelding. Styret har ikkje stemmerett i denne saka.
5. Handsame innkomne saker.
6. Handsame strategiplan.
7. Fastsetje kontingent og budsjett.
8. Velje leiar i styret.
9. Velje seks styremedlemer. *Velje 3 styremedlemer annakvar gong. OK*
10. Velje nestleiar *blant OK* styremedlemene.
11. Velje tre varamedlemer til styret i nummerrekkefølge.
12. Velje *to* geithaldarar til representantskapet, eit fylke kan berre ha ein om gongen, med *to* varamedlemer i nummerrekkefølge. *OK*
13. *Velje ein gjetarhundrepresentant med varamedlem til representantskapet OK*
14. Velje ordførar med varaordførar i representantskapet.
15. Velje fem medlemer til valnemnd med leiar og nestleiar, med fem personlege varamedlemer.
16. Velje revisor.

§ 9 Ekstraordinært landsmøte

Ordførar skal kalle inn til ekstraordinært landsmøte dersom ¼ av fylkeslaga krev det. På ekstraordinært landsmøte kan berre dei sakene som er oppført på saklista i innkallinga drøftast.

§ 10 Representantskapet

Desse utgjer NSG sitt representantskap:

- *Ordførar og varaordførar.*
- *Leiarane i fylkeslaga.*
- *2 geithaldarar*
- *1 gjetarhundrepresentant*

OK

Leiar i faste utval skal kallast inn til representantskapsmøte og kan møte med talerett. Samarbeidspartar som NSG har kan inviterast til representantskapsmøta med observatørstatus

med tale- og forslagsrett, utan stemmerett. Representantskapet er eit overordna organ for styret og eit rådgjevande organ for landsmøtet, og skal føre tilsyn med at organisasjonen fungerer i samsvar med lovene og landsmøtevedtak. Styret har møteplikt i representantskapet, men ikkje stemmerett. Representantskapet skal *blant OK* medlemene sine velje to medlemmer og eit varamedlem til kontrollutval, og fastsetje instruks for utvalet.

Representantskapet har sjølv, eller ved kontrollutvalet, høve til å gå gjennom møtebøker, korrespondanse og rekneskapen. Vidare skal representantskapet sjølv, eller ved kontrollutvalet, gå gjennom revisjonsprotokollen, og kontrollere laget sin eigedom og at denne er halden i forsvarleg stand.

Etter innstilling frå styret tek representantskapet avgjerd om kjøp og sal av fast eigedom.

Representantskapet kan ta avgjerd i saker som styret legg fram for det, og som ikkje er landsmøtesaker.

Representantskapet skal før landsmøtet gå gjennom styret si årsmelding og rekneskap og gje innstilling til landsmøtet om godkjenning. Representantskapet skal også gje innstilling til landsmøtet i andre saker som styret legg fram for landsmøtet til avgjerd.

Representantskapet skal fastsetje reiseregulativ og godtgjersle til styret, ordførar og andre tillitsvalde etter framlegg frå kontrollutvalet.

Representantskapet skal ha minst eitt møte i året, og elles så ofte ordføraren finn det naudsynt, eller når styret eller ¼ av representantskapsmedlemene krev det for å handsame ei særskild sak. Innkallinga skal vere skriftleg, og skal vere utsend minst 14 dagar før møtet. Sakliste skal følgje med innkallinga.

Representantskapet er vedtaksført når minst ⅔ av medlemene møter. Sakene vert avgjorde ved fleirtalsvedtak. Det skal førast protokoll frå representantskapet.

Det skal ved møtestart veljast 2 personar frå representantskapet som saman med ordføraren skal skrive under protokollen som skal sendast møtedeltakarane.

I år utan landsmøte skal representantskapsmøtet om våren godkjenne årsmelding, rekneskap, vedta strategi, kontingent for komande år og budsjett for inneverande år.

§ 11 Styret

NSG skal leiast av eit styre på 7 personar. Leiar vert vald for 2 år om gongen. Dei andre styremedlemene vert valde for 4 år om gongen, soleis at 3 og 3 styremedlemmer er på val annakvar gong. Nestleiar vert vald blant styremedlemene for 2 år om gongen.

Etter HSG sitt forslag med landsmøte kvart år: Leiar eit år- styremedlemmer 2 år - nestleiar 1 år

Ein grunn for og ha oftare val på styremedlemmer er at det kan bli vanskeleg og finna "gode" kandidatar som kan binda seg for 4 år og ved attval 4 nye år..

Styret er ansvarleg overfor representantskapet og landsmøtet i si verksemd og forvaltning av NSG sin kapital. Det skal vere minst ein geithaldar i styret.

Ordføraren i representantskapet har møterett i styremøte, men har ikkje stemmerett.

Ordføraren får saksdokument, styreprotokollar og annan naudsynt informasjon. Gyldige vedtak krev minst 4 stemmer for vedtaket. Styret er vedtaksført når 4 av 7 møter. Leiaren har dobbeltstemme ved likt stemmetal. 7

Styret kjem saman når leiaren krev det, eller minst halvparten av styremedlemene krev det.

Styret skal:

a) Leie arbeidet i organisasjonen i samsvar med NSG sine lover og vedtak gjort i medhald av desse.

b) Følgje opp saker som er vedtekne i representantskapet og på landsmøtet.

c) Ta opp eigne saker for å fremje formålet i § 1.

d) Handsame saker fremja av fylkeslag. OK

e) Forvalte NSG sin kapital.

f) Forberede dei saker som skal leggjast fram for representantskapsmøtet og landsmøtet, mellom anna revidert rekneskap og årsmelding.

g) Tilsetje og avsetje generalsekretær.

- h) Oppnemne dei råd og utval som styret meiner er naudsynte. Det skal gjevast instruksar og rammer for arbeidet i råda/utvala og eventuelle budsjett.
- i) NSG forpliktar ved underskrift av leiar og generalsekretær saman, eller den styret gjev fullmakt.
- j) Leiar, nestleiar og eit styremedlem utgjer arbeidsutval (AU). Generalsekretæren er sekretær for AU.

k) Styret i NSG kan utnemne æresmedlemer etter forslag frå fylkeslag. Æresmedlemer i NSG sentralt skal ikkje betale medlemskontingent. OK

Det skal førast protokoll over styret, arbeidsutvalet, råd og utval si sakshandsaming. Kopi skal sendast fylkeslaga. 8

KAP. III LOKALLAG I NSG

§ 12 Lokallag

Medlemer i NSG skal organiserast i lokallag.

Eit lokallag må bestå av minst 10 medlemer og vere registrert som eigen juridisk eining i Brønnøysundregisterne. OK

Lokallag som ikkje vert drive etter lagslovane settast under administrasjon av fylkeslaget for å vurdere grunnlaget for vidare drift. OK

§ 13 Årsmøte i lokallag

Det øvste styrande organ i lokallaget er årsmøtet. Ordinært årsmøte skal haldast innan 1. februar kvart år. Årsmøtet skal innkallast av styret eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Årsmøte skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel til medlemene ved melding i dagspressa og/eller direkte brev til medlemene, eller E –post .Sakliste skal gjerast kjend for medlemene.

Lokallag som ikkje har hatt årsmøte har ikkje stemmerett på årsmøtet i fylkeslaget Her må det vera rom for fleksibilitet dersom dato er fastsett og innakalling føreligg, men etter årsmøtet i fylkeslaget. og laget sin del av medlemskontingenten vert halde att av NSG. Denne setninga må takast bort, kan lett mista oversikta på overføring av medlemskontingenten

Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til årsmøtet i lokallaget. OK

Årsmøte skal:

1. Velje møteleiar.
2. Godkjenne innkalling og sakliste.
3. Velje 2 årsmøtedeltakarar, som saman med møteleiaren skal skrive under møteprotokollen.
4. Handsame styret si melding.
5. Handsame rekneskap og revisor si melding. Styret har ikkje stemmerett i sak 4 og 5.
6. Handsame strategi-/arbeidsplan for neste år. *Dette må vera opp til kvart lokallag.*
7. Handsame andre saker som styret legg fram. Eit medlem har rett til å få ei sak handsama i årsmøtet når saka er kome til styret seinast 8 dagar før årsmøtet.
8. Velje leiar og minst 2-4 styremedlemer. Leiaren vert vald for eit år og styremedlemene for to år om gongen. Velje 3 varamedlemer i nummerorden for eitt år om gongen. Fastsetje eventuelle honorar og dekking av reise-/telefon utgifter.
9. Velje utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget, *med vara*, om laget har rett til nokon i tillegg til leiaren som er sjølvskriven.

Eit lokallag kan ikkje møte med fullmakt frå andre lokallag på årsmøte i fylkeslaget. OK

10. Velje 2 revisorar.

11. Velje valnemnd. 9

Om årsmøtet:

a) Avstemming Alle medlemer av laget har stemmerett på årsmøtet. Årsmøtet tek sine avgjerder ved fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelstemme. Dette gjeld ikkje ved val. Val skal vere skriftleg dersom nokon krev det. Om ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Vert stemmetalet likt i tredje valomgang vert valet

avgjort ved loddtrekking. Alle val på årsmøtet gjeld, om ikkje noko anna er fastsett, frå årsmøtet sluttar.

b) Ekstraordinært årsmøte vert innkalla når styret eller ¼ av medlemmane i laget, eller styret i fylkeslaget, krev det.

c) Det skal førast protokoll frå årsmøtet. *Protokoll frå årsmøtet skal sendast til fylkeslaget innan 15. februar.*

Ser ingen grunn for innsending av protokoll til fylkeslaget. Dette krev ekstraarbeid for fylkeslaget, men endring i styret i lokallaga må rapporterast for og ha rette lister.

§ 14 Styret i lokallag

Arbeidet i lokallag vert leia av eit styre *på 3 eller 5 medlemmer*. OK Styret er ansvarleg overfor årsmøtet i lokallaget.

Styret er samansett av leiaren og styremedlemene valde av årsmøtet. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemene er til stades.

Styret skal mellom anna:

a) Velje nestleiar og kasserar.

b) Leia laget i samsvar med NSG sine lover og vedtak gjort i medhald av desse.

c) Ta opp saker som fremjar NSG sine føremål, og saker som er av interesse for medlemene.

d) Planleggje og setje i verk dei sakene som fylkeslaget og NSG sentralt gjer framlegg om.

e) Ta opp nye saker og setje i gang nye tiltak som kan vere til hjelp for sau- og geitehaldet.

f) Arbeide for utnytting av utmarksbeite og organisert tilsyn og sanking.

g) Arbeide for å gjennomføre avlsplanane for småfe etter retningslinjer gjeve av avlsråd for sau og fagråd for geit godkjend av landsstyret.

h) Styret bør ha møte minst 4 gonger i året. *Bør takast bort*

i) Det skal førast protokoll frå styremøte.

j) Årsmelding, rekneskap og strategi-/arbeidsplan skal sendast fylkeslaget *innan 15. februar*. *Dato er OK, men endringar i styret i lokallaget er nok!*

§ 15 Æresmedlem i lokallag

Æresmedlem i lokallag vert utnemnd av styret i lokallaget. OK Framlegget må vere godkjend på førehand av styret i fylkeslaget. 10

Æresmedlem *i lokallag* OK skal ikkje betale kontingent, den skal dekkast av lokallaget. Det skal betalast redusert kontingent for æresmedlem. *Det må vera opplyst om kva kontingent til Æresmedlem er til ei kvar tid, til dømes ein prosentsats av kontingent for støttemedlem med blad.*

KAP. IV FYLKESLAG I NSG

§ 16 Fylkeslag

Lokallaga av NSG skal slutte seg saman til fylkeslag.

§ 17 Årsmøte i fylkeslag

Det øvste styrande organ i fylkeslaget er årsmøtet.

Årsmøtet skal ordinært haldast innan 1. mars og før landsmøtet og representantskapsmøtet i NSG.

Årsmøtet må gjerast kjend for NSG sentralt og lokallaga 6 veker før det vert halde. Innkalling til årsmøtet med sakliste skal sendast NSG sentralt og årsmøteutsendingane seinast 14 dagar før møtet vert halde. Årsmøtet vert kalla inn av styret og vert leia av ein vald møteleiar.

Årsmøtet er samansett av:

– *Leiarane i dei lokale laga. I tillegg vel lokallag med over 25 medlemmer 1 utsending per 25 medlemmer per 31.12.*

HSG: Leiarane i dei lokale laga. I tillegg vel lokallag med over 50 medlemmer 1 utsending per 50 medlemmer per 31.12. Bakgrunn: Utgifta til årsmøteutsendingar vil belasta økonomien i lokallaga for hardt. Stemmegjeving kan løysast som i forslag til landsmøtet, for å ta omsyn til medlemstalet i kvar lokallag. (Stemmegjeving kan gjerast med veking i medlemstalet i lokallaget, i høve til totalt antal medlemmer i fylkeslaget.).

– Styremedlemene i fylkeslaget.

– Møteleiar.

Det er ikkje høve til å møte med fullmakt til årsmøtet i fylkeslaget. OK

Leiar i faste utval skal kallast inn til årsmøte og kan møte med talerett.

Elles har kvart medlem i NSG rett til å følgje årsmøtet om ikkje årsmøtet har vedteke at handsaming av enkelte saker skal skje i lukka møte.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling, saksliste og forretningsorden.
2. Velje 2 representantar til, saman med møteleiaren, å underskrive protokollen.
3. Handsame årsmelding.
4. Handsame rekneskap og revisormelding. Styremedlemer har ikkje stemmerett i sak 3 og 4.
5. Handsame strategi-/arbeidsplan for neste år.
6. Handsame saker som vert lagd fram. Lokallag som vil ha ei sak fremja for årsmøtet, må sende saka inn til styret i fylkeslaget seinast 1 måned før årsmøtet.
7. Handsame og vedta budsjett for neste år.
8. Velje leiar for 1 år om gongen. Vidare velje 4 styremedlemer for 2 år om gongen og 3 varamedlemer i nummerorden for 1 år. Årsmøtet vel nestleiar med 1 års funksjonstid mellom dei valde styremedlemene. Fastsetje eventuelle honorar og dekking av reise-/telefon utgifter.
9. Velje utsendingar med varautsendingar til NSG sitt landsmøte.
10. Velje møteleiार for neste årsmøte.
11. Velje valnemnd med vara for neste årsmøte.

Om årsmøtet:

- a) Avstemming Årsmøtet tar sine avgjerder med fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har møteleiaren dobbelstemme. Dette gjeld ikkje ved val. Om ikkje nokon av kandidatane ved val får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av stemmene ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Vert stemmetalet likt i tredje valomgang vert valet avgjort ved loddtrekking. Val på leiar og styremedlemer skal være skriftleg. Andre val skal vere skriftleg om nokon krev det. Alle val på årsmøtet gjeld frå årsmøtet sluttar.
- b) Det skal førast protokoll over årsmøtet sine saker. Utskrift av protokollen skal sendast til NSG sentralt, årsmøtet sine deltakarar og lokallaga.
- c) Ekstraordinært årsmøte vert innkalla når styret i fylkeslaget eller 1/4 av lokallaga eller styret i NSG krev det. Innkallinga skal skje med minst 14 dagar skriftleg varsel.

§ 18 Styret i fylkeslag

Arbeidet i fylkeslag vert leia av eit styre som er ansvarleg overfor årsmøtet i fylkeslaget.

I styret sit 5 medlemer; leiar, nestleiar og 3 styremedlemer. Årsmøtet vel leiar for 1 år om gongen, og 4 styremedlemer for 2 år om gongen. Av dei valde styremedlemene vel årsmøtet nestleiar med 1 års funksjonstid. Første gong går 2 av styremedlemene ut ved loddtrekking.

Styret kjem saman når leiaren krev det, eller etter krav frå minst halvparten av styremedlemene.

Gyldig vedtak i styret krev minst 3 stemmer for vedtaket.

Styret skal mellom anna:

- a) Leia fylkeslaget i samsvar med NSG sine lover og vedtak gjort i medhald av desse.
- b) Ta opp saker som fremjer NSG sitt formål, og dei saker som kjem frå NSG sentralt.
- c) Rettleie lokallaga *og handsame innkomne saker frå lokallaga. OK*
- d) Forvalte fylkeslaget sine økonomiske midlar og andre eventuelle verdier.
- e) Velje arbeidsutval mellom styremedlemene om det er føremålsteneleg, for å ta avgjerd i mindre viktige saker.
- f) Oppnemne dei råd og utval det har behov for. Fylkesstyret vel leiar. Desse råd og utval er underordna styret med instruks/mandat og eventuelt budsjett.
- g) Det skal førast protokoll frå styremøte som skal sendast lokallaga, leiar i valnemnda og NSG sentralt. *Må vera ok at desse vert lagt ut på fylkeslaget si heimeside.*

§ 19 Æresmedlem i fylkeslag

Æresmedlem i fylkeslag vert utnemnd av styret i fylkeslaget. OK Framlegget må på førehand vere godkjend av styret i NSG sentralt.

Æresmedlem *i fylkeslag OK* skal ikkje betale kontingent, den skal dekkast av fylkeslaget. Det skal betalast redusert kontingent. *Det må vera opplyst om kva kontingent til Æresmedlem er til ei kvar tid, til dømes ein prosentsats av kontingent for støtte medlem med blad.*

AP. V ANDRE FØRESEGNER

§ 20 Sideaktivitetar

NSG kan eige og drive sideaktivitetar i samsvar med formålsparagrafen til laget. Slike selskap eller sideaktivitetar skal ha eigne statuttar for organisering og styring. Representantskapet skal orienterast om årsmelding og rekneskap kvart år.

§ 21 Medlemskap, samarbeid med andre

NSG kan vere medlem av andre organisasjonar eller vere knytt til slike når det tener laget sine interesser. Representantskapet godkjenner/gjer vedtak om slike avtalar.

§ 22 Avstemmingar

Etter desse lovene er fleirtalsvedtak å sjå som meir enn halvparten av avgjevne og godkjende stemmer. Blanke stemmer tel som avgjevne stemmer.

Styret i NSG kan gjere vedtak om skriftleg uravstemming mellom medlemene. Om denne skal vere rådgjevande eller bindande må avgjerast på førehand. Styret får fullmakt til å gjennomføre slik avstemming, eventuelt etter nærare reglar.

§ 23 Rekneskap og revisjon

NSG sin rekneskap skal følgje kalenderåret. Dette gjeld sentralt, fylke og lokalt. Rekneskapen for NSG sentralt skal reviderast av ein vald revisor.

§ 24 Valnemnd

Etter framlegg frå representantskapet vel landsmøtet ei valnemnd på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer for 4 år. Etter 2 år vert 2 medlemmer skifta ut etter loddtrekking. Landsmøtet vel to av medlemene i valnemnda til leiar og nestleiar. Samansetjinga skal ta omsyn til geografisk fordeling; nord, midt, vest, sør og aust.

Valnemnda skal framfor kvart landsmøte gjere framlegg til alle val (bortsett frå valnemnd).

Valnemnda sitt framlegg skal vere ferdig seinast 4 veker før landsmøtet. Leiar eller nestleiar i valnemnda skal leggja fram innstillinga frå valnemnda for landsmøtet.

§ 25 Samanslåing eller nedlegging av lokallag

Samanslåing eller nedlegging av lokale lag med overføring av medlemmer til eit anna lag, kan skje etter årsmøtevedtak med 3/4 fleirtal av dei avgjevne stemmene, eventuelt etter fleirtalsvedtak på to etterfølgjande årsmøte. Samanslåing eller nedlegging må godkjennast av styret i fylkeslaget. Laget sin kapital tilførast det laget som ein slår seg saman med. Ved nedlegging, overførast kapitalen til fylket for bruk i /til lokallaga.

§ 26 Lovendring

Endring i NSG sine lover kan berre gjerast i ordinært eller ekstraordinært landsmøte med 2/3 av dei avgjevne stemmene.

Det skal stå i innkallinga kva endringane går ut på. Framlegg til lovendring må vere innsendt frå fylkeslaget seinast 3 månader før landsmøtet.

§ 27 Oppløysing

Oppløysing av NSG kan berre gjerast på ordinært landsmøte når vedtaket er samrøystes og med samrøystes innstilling frå representantskapet. 3/4 av utsendingane må vere til stades.

Oppløysing kan også skje gjennom fleirtalsvedtak på to etterfølgjande landsmøte. Det må gå minst 4 månader mellom landsmøta. Landsmøtet avgjer korleis verdiane skal disponerast.

Ved oppløysing skal verdiane disponerast til realisasjon av dei idéelle føremåla til NSG. OK